



Innkalling
av
Administrasjonsutvalet

Møtedato: 16.02.2016
Møtestad: Rådhuset 1.etg.vest
Møtetid: 14:00 -

Eventuelle forfall må meldast til Tove Mette Arnø Fyllingen per tlf. 56 37 51 75, sms til 474 64 145 eller per epost til ftm@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/16	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/16	Godkjenning av møteprotokoll
003/16	Opptopping av tal lærlingar i Lindås kommune
004/16	Rullering av «politisk styringsstruktur og reglement»
005/16	Melding/orientering til administrasjonsutvalet 16.02.2016

9. februar 2016

Astrid Aarhus Byrknes
ordfører

Tove Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
001/16	Administrasjonsutvalet	PS	16.02.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	16/388

Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og saksliste vert godkjent

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/16	Administrasjonsutvalet	PS	16.02.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	16/388

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Administrasjonsutvalet - 01.12.2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent



Møteprotokoll for Administrasjonsutvalet

Møtedato: 01.12.2015
Møtestad: Rådhuset, 1 etg vest
Møtetid: 14:00 – 15:10

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Utvalsleiar
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Vigdis Markussen	Delta	Medlem
Tonhild Ringås Olsen	Fagforbundet	Medlem
Jarle Næss	Utdanningsforbundet	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Dag Hugaas	AP	Nestleiar
Jarle Vassdal	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Nina Bognøy	AP	Dag Hugaas

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-ass.rådmann, Kristin Moe-kommunalsjef oppvekst, Ole Georg Hoas-organisasjonssjef, Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
021/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
022/15	Godkjenning av møteprotokoll
023/15	Budsjett og økonomiplan 2016-2019

021/15: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

01.12.2015 ADMINISTRASJONSUTVALET

Ingen merknader, samrøystes.

ADM - 021/15 VEDTAK:

Innkalling og saksliste er godkjent

022/15: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

01.12.2015 Administrasjonsutvalet

Saka vert utsett til neste møte då protokollen ikkje låg ved innkallinga. Samrøystes.

ADM - 022/15 VEDTAK:

Saka er utsett til neste møte.

023/15: Budsjett og økonomiplan 2016-2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Budsjett og økonomiplan 2016-2019

01.12.2015 Administrasjonsutvalet

Budsjett og økonomiplan vart teke til orientering. Samrøystes.

ADM - 023/15 UTTALE:

Budsjett og økonomiplan vart teke til orientering.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/16	Administrasjonsutvalet	PS	16.02.2016
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ole Georg Hoaas	16/463

Opptrapping av tal lærlingar i Lindås kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Administrasjonen får høve til å auke talet på lærlingar med inntil 10 lærlingar frå 15 til 25 for skuleåret 2016/2017. Auka kostnad på inntil kr. 300.000,- for 2016 vert finansiert gjennom disposisjonsfondet.

Framtidig strategi for lærlingar vert lagt fram i samband med økonomiplanen 2017 – 2020.

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i administrasjonsutvalet

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn:

I økonomiplanen for 2016-19, gjorde kommunestyre følgjande vedtak:

Kommunestyret bed rådmannen vurdere ei opptrapping av tal lærlingar. Det er eit delmål å legge til rette for eit samarbeid mellom næringsliv og kommunen for å dekke fleire fagområder.

Når administrasjonen legg fram ei sak om dette no, er det for å kome så tidleg på banen at

vedtak kan få verknad av lærlingar allereie frå hausten 2016.02.08

Status for lærlingearbeidet

Lindås kommune har i dag 17 lærlingar i organisasjonen, og talet vil variere litt rundt 15. Av desse er fire TAF-elevar (eit opplegg som tek sikte på å kombinere fagbrev og studiekompetanse). Lærlingane er fordelt på dei to fagområda helsefagarbeidar og barne og ungdomsarbeidar. I kommunestyrevedtak 59/07 er det vedteke at norma for talet på lærlingar skal vera 1 pr. 1.000 innbyggjar, men at det over tid er eit mål at dette skal auke til 3 lærlingar pr. 1.000 innbyggjar. På grunn av stramme budsjett har likevel talet på lærlingar ligge konstant på om lag 15 lærlingar dei siste åra.

Kommunens behov for lærlingar på lang sikt

Det er klart at kommunens behov på lang sikt som arbeidsgjevar ligg innanfor helse- og omsorgs-sektoren og oppvekst sektoren, og det er helsefag, og barne- og ungdomsarbeid som er dei mest aktuelle faga.

På lang sikt reknar vi først og fremst med behovet for helsefagarbeidarar vil vere framtreidande. Dette på bakgrunn av nasjonale prognosar: Berekna auka behov innan eldreomsorg i åra framover, kombinert med at omfanget av nye helsefagarbeidarar ikkje møter dette stipulerte behovet.

I tillegg: Vi har ein del ufaglærte assistentar i heimlar for helsefagarbeidarar. Nokre av desse har ønske om å oppgradere / formalisere fagkompetanse. Det bør vere eit mål i seg sjølv å ha flest mogleg fagutdanna i slike stillingar. Ut frå kommunens behov for framtidig arbeidskraft bør hovudtyngda av lærlingar framleis liggja innanfor helse og omsorg, men også oppvekst.

Nye fag?

Vi er i dag godkjent lærebedrift innan helsearbeidarfaget, barne- og ungdomsarbeidarfaget, institusjonskokkfaget og feiarfaget. Vi kan raskt bli godkjent lærebedrift for både reinhaldsafaget, kontorfag og driftsbyggjarfaget (vaktmeister). Vi har tidlegare vore godkjent lærebedrift i nokre av desse faga, og kan greitt få ny godkjenning. Her har vi allereie kompetent personale som er positive til å gå inn i ei rolle som fagansvarleg. Desse faga representerer rel. stabile behov som vi har, og vil ha i framtida.

Det har kome opp spørsmål om Lindås kommune kan gå inn som lærebedrift innan fleire tekniske fag. Her er det truleg for avgrensa fagmiljø til at kommunen kan bli godkjent som lærebedrift. Det er heller ikkje klart om kommunen kan ta ansvar for delar av eit lærlingeforløp i samarbeid med ein godkjent lærebedrift. Dette er spørsmål administrasjonen

arbeider med å få klarlagt. Det er likevel utfordringar både når deg gjeld arbeidsstader, plassforhold, tilgjengelege fagansvarlege og instruktørar. Generelt bør kommunen stille seg positiv til å delta i samarbeid med andre bedrifter om lærlingar, men slike opplegg bør vurderast nøye i kvart enkelt tilfelle.

Samarbeid organisert gjennom Nordhordland Opplæringskontor

Lindås kommune har lenge vore medlemsbedrift i Nordhordland Opplæringskontor. Samarbeidet med opplæringskontoret har heile tida vore svært godt. Evt. samarbeidstiltak med andre lærebedrifter bør derfor skje innanfor medlemsmassen til Nordhordland Opplæringskontor, og i regi av opplæringskontoret. Grunngevinga for dette er at ein då allereie har ein koordinerande instans i dette arbeidet. Det er ikkje naturleg at Lindås kommune tek på seg koordinerande oppgåver utanfor samarbeidet med Nordhordland Opplæringskontor. Då kan kommunen lett får ei rolle organisasjonen ikkje er tiltenkt i vidaregåande opplæring.

Opptopping krev auka budsjett

Nettokostnad pr. lærling er i dag ca. kr. 56.000,- per år. I tillegg ligg det felles kostnader til fagansvarlege og evt. instruktør. På den andre sida bidrar verdiskapningsdelen gjennom lærlingeløpet til reduserte driftskostnader elles.

Det er naturleg at satsinga på lærlingar på lang sikt blir vurdert i samband med budsjettprosessen for 2017. Imidlertid vil ei opptopping som får verknad frå skuleåret 2016/2017 få halvårsverkand i 2016, og må finansierast i 2016. Rådmannen rår difor til at ei auke på talet lærlingar som får verknad for 2016 blir for dette året finansert gjennom disposisjonsfondet.

Ei auke av lærlingar med 10 lærlingar frå ca. 15 til 25 lærlingar vil til dømes krevje om lag kr. 280.000,- om vi legg til grunn verknad på budsjettet i eit halvt år. Dette må sjåast som ei ramme å arbeide etter. I eit opplegg som både krev tilrettelegging som vi ikkje har oversikt over i dag, og der den enkelte lærling har individuell framdrift og individuelle behov, vil ressursbruken nødvendigvis variere noko.

Konklusjon

Dersom vi legg til grunn at det er signalisert politisk vilje til å auke satsinga på lærlingar i Lindås kommune, vil auka ramme finansiert frå disposisjonsfondet vere det som skal til for at administrasjonen kan følgje opp dette på kort sikt. Høve til å auke ramma med til dømes kr. 300.000,- finansiert av disposisjonsfondet i 2016 vil gje høve til ei slik satsing. Vidare arbeid med lærlingar vil då bli tema i økonomiplanen, og då er samtidig ny kunnskap tilgjengeleg

om korleis opptrappinga har gått i praksis.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/16	Administrasjonsutvalet	PS	16.02.2016
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ole Georg Hoaas	16/359

Rullering av «politisk styringsstruktur og reglement»

Vedlegg:

Prosjektmandat politisk styringsstruktur og reglement

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Prosjektmandat for «Politisk styringsstruktur og reglement» vert vedteke.

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i administrasjonsutvalet

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Kommunens delegeringsreglement skal etter kommunelova rullerast / vedtakast i kvar kommunestyreperiode i løpet av kalenderåret etter kommunevalet. I Lindås kommune er delegasjonsreglementet ein del av ein heilskap der dokumentet «politisk styringsstruktur og reglement» er det grunnleggjande dokumentet for det politiske arbeidet og for arbeidsforholda for politikarane. Dokumentet som delegerer mynde til rådmannen er og ein del av den heilskapen som vert handsama i denne runden.

Prosjektmandat:

Rådmannen legg i tråd med etablert prosjektreglement fram eit prosjektmandat som gjev framlegg om mål og rammer for prosessen. (Vedlegg)

I tillegg til ein standard prosess for å sjå på dei overordna styringsdokumenta, er det i denne prosessen naturleg å sjå på samanhengen mellom dette overordna dokumentet, og etablerte reglement for prosjektstyring og samhandling mellom politikk og administrasjon.

Rådmannen har og tatt til orde for at ein tek inn overordna etiske retningsliner inn i den same prosessen. Det overordna dokumentet kan då vise til eit etisk reglement som gjeld både for politisk og administrativt nivå. Dei etiske retningslinene for tilsette ligg i dag i personalsystemet.

I hovudsak ein politisk prosess

Det er viktig å understreke at dette er i hovudsak ein politisk prosess, og at politisk nivå må vurdere om planlegging og innretning i prosjektmandatet er høveleg sett ut frå dei politiske målsettingane. Ut frå erfaring er det rett å si at det er ei arbeidskrevjande oppgåve, og samtidig er det viktig for framdrifta at det er god kontinuitet i prosjektgruppa.



Prosjektmandat (politisk bestilling)

Prosjektnr	Namn	Saknr
	Rullering av politisk styringsstruktur og reglement for Lindås kommune	<i>(websak)</i>
Prosjektfase	Oppstart kommunestyre 3.februar – vedtak i kommunestyre 15. september	
Organisering		
Oppdragsgjevar: Kommunestyre		
Politisk styringsgruppe:		
Formannskapet		
Prosjektgruppe:		
4 kommunestyrerepresentantar med deltaking frå posisjon og opposisjon.		
Deltakar frå rådmannen: Organisasjonssjef		
Sekretær: Tove Mette Fyllingen		
Rådmannen deltek i møta etter behov		
Andre grupper:		
Rådmannen sin leiargruppe som referansegruppe.		
Rådmannen etablerer og ei administrativ arbeidsgruppe for å gje innspel om etiske retningsliner til prosjektgruppa.		
Dei politiske utvala fungerer som referansegrupper før arbeidsgruppa leverer endeleg utkast.		
HTV-møte / administrasjonsutvalet spesielt med tanke på etiske retningsliner.		

Bakgrunn og forankring

Kommunestyret skal vedta (rullere) reglement for kommunens politiske organ innan 31.12. året etter kommuneval. Prosessen vert starta ved at kommunestyret vedtek mandat, tidsplan og peiker ut kven som skal delta i prosjektgruppa. Administrasjonen stiller med utgreiingskapasitet og sekretariatsfunksjon, peika ut av rådmannen.

Med utgangspunkt i kommunen sine retningsliner for prosjektstyring er det naturleg at formannskapet fungerer som styringsgruppe.

Ut over normal rullering av reglementet vert det i denne prosessen naturleg å harmonisere reglementet med nye retningsliner for prosjektstyring og kommunal planlegging.

Rådmannen foreslår dessutan at kommunen sine etiske retningsliner vert gjennomgått og sett i samanheng med det politiske reglementet. Desse retningslinjene vil måtte sjåast i samanheng med vedtekne overordna verdiar for organisasjonen.

Hovudmål

Resultatmål

Levere eit forslag til politisk styringsstruktur og reglement for Lindås kommune for vedtak i kommunestyremøte før 1. november 2016.

Effektmål

- *Eit dokument for politisk styringsstruktur og reglement som er tydeleg og lett tilgjengeleg*
- *Eit dokument som er oppdatert i forhold til utviklinga av arbeidsprosessane mellom politisk og administrativt nivå*

Rammer

<i>Økonomi/finansiering:</i>	<i>Beløp i kr</i>
Prosjektet skal gjennomførast innanfor vedteke budsjett.	

Avgrensingar

Hovuddokumentet «Politisk styringsstruktur og reglement» og delegasjonen frå kommunestyre til rådmannen. Dette dokumentet skal vise til andre vedtekne styringsdokument, og harmoniserast med desse. Det er utanfor mandatet å endre andre vedtekne styringsdokument.

Arbeidet omfattar og å gjennomgå etiske retningsliner for Lindås kommune som skal gjelde for både politisk og administrativt nivå. Prosjektgruppa tek stilling til kva som skal redigerast inn i hovuddokumentet på dette område, og kva som skal ligge i eige dokument som vedlegg.

Risiko (viktigaste element identifisert ved oppstart)

I og med at dette er eit noko meir omfattande prosjekt enn tidlegare rulleringar, er det naudsynt å kjøre ein strammare prosess for å kome i mål innanfor tidsfristen. Prosjektgruppa tek stilling til ein detaljert prosjektplan ved oppstart av arbeidet.

Framdrift

Det vert handsama ein prosjektplan med milepelar i første møte i prosjektgruppa. Målsettinga er å ha ein plan klar til handsaming i kommunestyret i november 2016.

Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av
0.10	28.12.2015	Dokument etablert	Ole G. Hoaas
0.11	13.01.16	Justert etter orientering i formannskapet 11.1.2016	OGH
0.12			Fornamn Etternamn
1.00			Fornamn Etternamn

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/16	Administrasjonsutvalet	PS	16.02.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	16/388

Melding/orientering til administrasjonsutvalet 16.02.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak
Meldinga vert teke til orientering

Saksopplysningar:
Saka skal avgjerast i administrasjonsutvalet

Orientering:

- Kommunereform